



Voss Hang- og paragliderklubb
Flyplassvegen 135
5705 Voss

Dykkar ref.
Ref.:TBW-HDH-
Skjemanr.:800031

Vår ref.
26/4801 - 2

Dato
18.06.2026

Saksnr.	Utval
72/26	Utval for klima, miljø og beredskap

Løyve til motorferdsel i utmark - motorbåt

Vangsvatnet

VEDTAK:

Syner til løyve frå side 2.

Me gjer merksam på at motorferdsel i utmark forutset samtykke frå grunneigar.

FAKTA OM SAKA:

Voss Hang- og paragliderklubb søker om å nytte redningsbåt ved beredskap i samband med hang- og paraglideraktivitetar. Dei søker også om å nytte båten for opplæring av dei som skal utføre redning.

ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

I utgangspunktet er det berre lov å køyre i sone 1. Det er markert i kartet kvar båtar kan gå i land. Ved opplæring skal denne sona nyttast. Ved eventuell redning må ein vere merksam på sjøfly som lettar eller landar. Skal andre enn klubben nytte båten til kurs, øvelse eller anna må dei ha eige løyve.

KLAGE PÅ VEDTAK:

Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28. Mogleg klage må setjast fram skriftleg til kommunen innan 3 veker etter at søkjar har fått melding om vedtaket, jfr. forvaltningslova § 29.

Med venleg helsing

Tilla Ruud

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg

Søknad om motorferdsel i utmark Båt

Redningsbåt søknad

Kopi til

Politiet vest



LØYVE TIL MOTORFERDSEL I UTMARK

UKM sak 75/26	Vår ref. 26/4801	Dato 18.06.2026
---------------	------------------	-----------------

Løyvet gjeld for

Navn	Voss Hang- og paragliderklubb v/ Marlene Hette Hole
Type køyretøy	Redningsbåt, Pioner Multi, 80 HK.

Føremålet med motorferdsla

Nytta redningsbåt i samband aktivitet i regi av Voss Hang- og paragliderklubb.
Opplæring i bruk av båt for dei som skal utføre redning.

Heimel

*Vedteke i Voss heradsstyre: Delegeringsreglement 28.02.2023 og vedtak 21.10.2021 sak 62/2.
Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag,
§6: løyve til køyring ved «særleg behov»*

Lokal forskrift for bruk av motorfartøy på vassdrag og for landing og start med luftfartøy i utmark og vassdrag i Voss kommune, Hordaland (Vedtekne i Voss kommune, endra sist av 19.02.2004).

Vilkår for motorferdsla

Køyretrasè/område	Vangsvatnet, sone 1
Tidsrom og ant.	Løyvet gjeld for perioden 18.06.2026 – 18.06. 2027
Omsyn	Løyvet skal vera med under transporten og visast fram på forlangande av politi/SNO/oppsyn. Motorferdsla skal føregå aktsamt og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske, jf. Motorferdselslova §8. Køyringa må avgrensast til eit minimum. Dersom løyvet vert misbrukt i høve gjeldande lov og forskrift, kan dette løyvet verta inndrege.